



Fire generasjonar ved døypefonten i Østre Gausdal kyrkje søndag. Frå venstre Randi Sivertsvoll (mor) med Ella, Andreas Holen (far), Eldbjørg Sivertsvoll (bestemor) og Einfrid Myklebust (oldemor). Både oldemor, bestemor, mor og Ella er døypt i samme kjole. (Foto: Ole Sivertsvoll)

Søndag vart Ella, dotter av Randi Sivertsvoll og Andreas Holen og født 29. juni, døypt i Østre Gausdal kyrkje nær Lillehammer. Dermed vart ho ein del av ein eineståande familietradisjon: Ho var iført ein dåpskjole frå Uskedalen som truleg er nytta innpå 100 gonger på 112 år!

Oldemora Einfrid Myklebust (88) hadde med seg kjolen då ho fór på dåpsferd over fjellet fredag. Og det er slett ikkje første gongen den drivkvite kjolen av kvitt bomullsstoff med blondebesetning har vore på reis.



Østre Gausdal kyrkje søndag. Sokneprest Gustav Schmidt presenterer dåpsbarnet Ella (Foto: Ole Sivertsvoll).

Han har vore nytta både i Oslo og på Røros og vore utlånt så mange gonger at Sigvald Eik (91, bror til Einfrid) trur at han har vore med i nærare 100 dåpshandlingar. Berre i hans og Einfrid sin familie har den vore nytta 44 gonger, opplyser Sigvald, som framleis er ein mann med klisterhjerne.

Dåpskjolen vart truleg sydd av Synneve Kjærland og brukt første gong då Borghild Johanne Kjærland, født 30. mars, vart døypt i Kvinnherad-kyrkja 9. juni 1895. Kjolen vart laga spesielt for Borghild Johanne, men kven skulle ane at han kom til å få eit liv som vara i meir enn 100 år! Frå 1895 til 1916, då Sigvald vart døypt i kjolen, var han mykje nytta av folket på Steinsletto og Eik. Sidan var han mykje på utlån.

Borghild vart gift med Abel Eik og flytta dit.

- Mor overtok kjolen og den var på Eik til 1940. då vi fekk born. Då kom den tilbake til Kjærland, fortel Sigvald.

Kjolen er framleis like fin sjølv om han ikkje er "restaurert". Men hua vart borte under krigen og då Torfinn skulle døypast i mai 1945, fekk mor Einfrid laga ei ny hue av silke.

Grunnen til at dåpskjolen denne helga var ein tur til Gausdal, er at yngstedotter til Torfinn si syster bur der. No vil han igjen bli vaska og stroken – og vera klar for det neste barnet!

Dåpskjole-tradisjonen er kanskje ikkje så fasttømra på våre kantar som til dømes i Gudbrandsdalen, der det er kjolar som har vore nytta i fleire hundreår. Men vi kjenner i hvert fall til ein annan kjole i Uskedalen som var på vandring både titt og ofte – den som husmorlaget hadde til utlån.

.Eksisterer han framleis?

Og er det andre som har gamle dåpskjolar i bygda?

Av Ola Matti Mathisen



Søskentrio med dåpskjolen som dei vart døypt i: Sigvald Eik (91), Einfrid Myklebust (88) og Bjørgulv Eik (79) (Foto: Ola Matti Mathisen)